

## Godt sagt

» Tida bøyer seg ikkje for deg, du må bøya deg for tida.

RUSSISK ORDTAK

## Felemakeriet i Fykkesund

**BOK:** Fredag 20. november etter ei heilt ny bok om hardingfela presentert i tilknytning til konserten Rosa i botnen, i Kabuso i Øystese. Førsteamanuensis og forfatter av boka, Bjørn Aksdal, held då eit føredrag om felemakeriet i Fykkesund, som er ein viktig del av saga om hardingfela. Den nye boka kjem på Tapir Akademisk Forlag, og forfattaren byggjer på resultatet av det omfattande innsamlings- og registreringsarbeidet som vart gjort i Hardingfeleprosjektet på 1990-talet. Etter føredraget om boka, vert det konsert med Knut Hamre, Benedicte Maurseth, Nils Økland, Phillipe Pierlot og Elisabeth Seitz.

## Sognefest om «Kormesteren»

**BIOGRAFI:** Tore Sognefest frå Ulvik er forfatter når biografien om Sverre Valen kjem ut på Norsk Bokforlag. Sverre Valen er dirigenten som saman med fleire kor har nådd topplasseringar både i inn- og utland. Sjølv etter 60 års arbeid svingar han framleis taktstokken. I boka vert musikaren presentert, men og mennesket bak. Forfattaren som er frå Ulvik har bakgrunn frå musikklinja ved Voss gymnas. Han bur no i Bø i Telemark, og arbeider som rektor ved Seljord Kulturskule. Boka om Sverre Valen nemner turar til både Voss og Ulvik, får me opplyst.

## ■ Kino

### VOSS

#### Julenatt i Blåfjell

Djupt inni i det snødekte Blåfjell lever prinsesse Fjellrose saman med faren sin, Fjellkongen, og dei andre blånisane. Verda utanfor verkar stor og farleg, men for å hjelpe den sjuke faren sin må ho vera modig og gjera det ho er mest redd for – å gå ned til dalen. Delar av filmen er spela inn på Voss. Filmene går tysdag, onsdag og torsdag. Alder: 7 år.

### 2012

Omtala som «dommedagsfilmen». I 2009 stafestiar eit høgt verdsett panel av vitkapsmenn til verdas leiarar at jorda slik me kjenner ho, snart vil opphøyrja å eksistera. Filmene går tysdag, onsdag og torsdag førermiddag og kveld. Alder: 11 år.



30 ÅR: Frisk Skyss har spelt til dans i 30 år. Laurdag var det jubileumsfest med inviterte gjester i Sambygg. F. v.: Inge Draugsvoll, Leiv Johan Herheim, Rune Herheim og Knut Magne Opheimsvangen.

# Frisk Skyss feirar 30 års fartstid

**Sidan 1979 har Frisk Skyss reist land og strand og spelt til dans. Laurdag var det jubileumsfest.**

Leiv Magne Herheim er den einaste som er att av det opphavlege Frisk Skyss. Men dei tre andre som er med har lang fartstid dei òg. Sonen til Leiv, Rune, har kortast tid, med sine 14 år i orkesteret. Dei to andre, Inge Draugsvoll og Knut Magne Opheimsvangen har vore med i om lag 20 år.

### Jubel og fest

I Sambygg laurdag hadde Frisk

Skyss invitert 120 gjester, mellom dei musikarar som har spelt med Frisk Skyss, arrangørar og andre som har fylgd orkesteret tett i 30 år.

– Det er jo moro, det er det som er motivasjonen. Pengar er det i alle fall ikkje, seier dei fire medlemene i Frisk Skyss.

– Dei er forsiktige med å ta på seg for mange spelejobbar.

– Det er jo småbornsfedrar i orkesteret, slik at me kan ikkje spela for mykje. Dei må vera heime hjå

familien litt òg, seier Leiv.

– Me prøver å halda oss på mellom 15 og 20 spelejobbar i året, seier Rune Herheim. Orkesteret trur avgrensa speling er med å halda motivasjonen oppe.

– Det er lettare å ha god stemning i orkesteret når me ikkje reiser meir, seier Rune og Leiv. Dei to andre i orkesteret er samde.

– Dessutan får me godt stell der me spelar. Dei fleste har bra hotell og god mat, og det er òg med på å gjera spelinga kjekk, seier Frisk Skyss.

**Dans, ikkje konkurranse**

På 1980-talet gjorde Frisk Skyss det skarpt i konkurranse i gamaldans-

musikk. No vert det lite konkurranse-speling.

– Eg mista interessa då dei tok til å plukka ut dei beste frå ulike orkester til spesialorkester som berre skulle spela i ein spesiell konkurranse. Då vart det ikkje så moro lenger, seier Leiv. Tradisjonen seier at vinnaren av Landskapleiken skal spela til dans i ein time etter finalen. Leiv hugsar Frisk Skyss vart bedne om å spela til dans etter ein finale, fordi vinnarorkesteret ikkje hadde meir enn fire låtar på reper-toaret.

– Slik skal det ikkje vera, seier Leiv. – Me satsar mindre på teknikk og meir på takt og det å spela til dans, seier resten av orkesteret.

### Allsidig

Frisk Skyss er kjende for å ha god takt, og meiner sjølv dei lagar god stemning på dansegolvet.

– Me vert bedne att på mange av plassane me har spelt, og det må vel bety at dei likar musikken vår, meiner Frisk Skyss. Men om orkesteret i utgangspunktet er eit gamaldansorkester, er dei fleksible med omsyn til sjanger. Sidan alle i orkesteret syng kan dei veksla mellom tradisjonell gamaldans og dansebandmusikk.

– Me prøvar å lytta til publikum, og tek gjerne ein låt av Vassendgutane om publikum vil det, seier Leiv Herheim.

### Merkjevere

Frisk Skyss heitte eigentleg Voss Toradertrio.

– Ikkje akkurat eit namn det var sus over, vedgår Leiv Johan Herheim. Frisk Skyss var det kona Anne som kom på.

– Eg trur det kom av at det gjekk fort mellom grendehusa på den tida, seier Leiv.

– Men det er eit genialt namn, seier Knut Magne Opheimsvangen. For snart 30 år sidan kom dei første t-skjortene med påtrykt logo. Frisk Skyss var pionerar i merkjevarebygging.

– Me selde kolossalt mykje t-skjorter. Me laga òg lisseslips som me selde med stor suksess, seier Leiv.

I dag er frisk Skyss på internett, og slepp framleis å driva oppskjå verksemd for å få spelejobbar.

– Folk ringjer oss, og det er veldig kjekt.

– Kor lenge driv de på?

– Tja, eg er vel den første som lyt gje meg, sidan eg er eldst. Men orkesteret får Rune ta over. Det er eit krav. Garden ville han ikkje ta over, men orkesteret må han ta. Lydanlegg og bil skal han få kjøpa, slik at han må slita litt han òg, seier Leiv Johan Herheim.

TOR HALVORSEN | tekst og foto  
th@avisa-h.no

## Hardangerlokkar med stipend

**STIPENDUTDELING:** Teikneserieskaper Jorunn Hanto Haugse har fått Hardangerlokk-stipend på 50.000 kroner.

Jorunn Hanto Haugse frå Dønno er ei av tre mottakarar av det nye etablerarstipendet som er ein del av prosjektet Hardangerlokk. Stipendet skal vera med å leggja til rette for at kunstnaren kan utøva kunsten sin i Hardanger og slik vera med å skapa kulturell vekst i regionen.

### Reveland

Jorunn Hanto Haugse (27) planlegg å busetja seg på Dønno saman med mannen sin. Ho har mastergrad innan kunst frå England, og leverer faste teikneseriestriper (Reveland) til «Hordaland», Norsk Barneblad og fleire andre. Ho vil etablera seg med atelier på kunstnarhuset Messen i Ålvik, opplyser Hardangerlokk.

Andre stipendmottakarar er floytisten Silje Hveem (29), opphavleg frå Trondheim, no busett på Loftus. Ho har mastergrad frå Grieg-

akademiet, og planlegg å bruka stipendet til å debutera som profesjonell utøvar.

### Hesthamar

Ekteparet Hans Pulles og Simone Hooymans frå Nederland får også stipendet. Dei vil etablera seg i Jondal/Utne-området, og skal saman med Ullensvang herad utvikla Skrivargarden på Hesthamar til arrangement, konsertar og utstillingar. Hans Pulles er kunstutdanna og arbeider med skulpturar, Simone Hooymans har utdanning m.a. innan grafisk design og arbeider med animasjon.

### Tilrådde

Utvalet som har innstilt til stipend har vore samansett av leiar i Hardangerrådet Solfrid Borge, Reidun Horvei og Ingunn van Etten frå Harding Puls, og Vidar Skeie frå Hardangerlokk. Delprosjektgruppa for Hardangerlokk gjorde det endelege vedtaket.

SIGRID SEIM | tekst  
ss@avisa-hordaland.no

## Song så ho lengta heim

**KYRKJEKONSERT:** Ytre Suløen Jazzensemble er vane med å spela på Voss. Tricia Boutté har berre smaka vatn ho trur kjem frå vossebygda.

Om lag 200 personar møtte fram til konsert i Vangskyrkja laurdag kveld. Framfor alteret sto trommesettet til jazzensemblet frå Ytre Suløen, eit orkester som har gje

sta Voss jamt og trutt sidan 1974. Med seg denne gongen hadde dei ei songarinne som har samarbeidd med orkesteret i om lag sju år, Tricia Boutté frå New Orleans.

I løpet av den nær halvannen time lange konserten tok artistane med publikum på ei reise som strekte seg frå Duke Ellington til norsk sal-

mesong, omsett til engelsk. Ytre Suløen gjorde det dei alltid gjer, skapar god stemning, medan Tricia Boutté song seg inn i minnet til publikum.

– Eg har aldri vore på Voss før. Tenk at i Amerika drikk me vatnet frå Voss, og betalar dyrt for det, kunne ho fortelja vossingane. Ingen hadde hjarta til å seia at vatnet kjem frå Iveland, og at springvatnet på Voss kanskje er endå betre.

Under konserten spelte orkesteret litt for seg sjølv, og litt saman med Tricia Boutté.

– Dei får meg til å smila. Og dei spelar så eg får slik heimlengsel, sa Tricia Boutté.

TOR HALVORSEN | tekst og foto  
th@avisa-h.no



**JAZZ:** Det var ei triveleg stund med Ytre Suløen Jazzensemble og Tricia Boutté i Vangskyrkja laurdag kveld.

## Lyrikk og drama i Osasalen

**KONSERT:** Knut Myran og Arne Horge syter for folkemusikk, lyrikk og drama i Osasalen 24. november. I dette konsertopplegget er formidlingsseva det sentrale. Myran syter for at slåttane vert framførte og Horge syter for å fortelja historia. Dikta som

vert framførte er nøye tilpassa slåttane i dâm og drag. Myran byrja å spela fele i 15-16-årsalderen og er ein vidkjend spelemann. Horge er skribent og kâsar og fekk mellom anna målprisen frå Nes Buskerud mällag i år.